



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 30.11.2021
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 10:00 - 11:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
16/2021	FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE

25. november 2021

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/2021	Administrasjonsutvalet	PS	30.11.2021
	Levekårsutvalet	PS	
19/2021	Eldrerådet	PS	01.12.2021
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Ungdomsrådet	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-151	21/1011

FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE

Vedlegg:

Melding om vedtak - Formannskapet si innstilling til kommunestyret
ØKONOMIPLAN 2022-2025 OG BUDSJETT 2022 FOR VAKSDAL KOMMUNE - KOMMUNEDIREKTØREN
SITT FRAMLEGG (L)(250453)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1

Utvalet/rådet gjev følgjande uttale til Budsjett 2022: _____

Alternativ 2

Utvalet/rådet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:

Formannskapet si tilråding til budsjett for 2022 er ute til offentlig ettersyn frå 24.11.20.
Dokumenta vert med dette oversendt til utvalet/rådet for uttale

Formannskapet si tilråding frå møte 23.11.21, sak 92/2021 er lagt ved saka. Under vedtaksbehandling signaliserte parti/partigrupper at det vil bli lagt fram alternative framlegg til budsjett direkte i kommunestyremøtet 14.12.21. Dei alternative budsjettframlegga er per i dag ikkje ferdigstilt og ordførar ba kommunedirektøren om å ettersende desse til dei ulike utvala/råda

så snart disse er mottekne.

Kommunedirektøren sitt forslag «Økonomiplan 2022-2025 og Budsjett 2022 Vaksdal Kommune» er tilgjengeleg for gjennomlesing på [innsyn](#), saman med [Gebyrregulativ for vass- og avlaupstenestene](#) og [Gebyrregulativ for plan og byggesak](#).



Hege Eide Vik

Referanser:

Dykkar:
Vår: 21/1011 - 21/10864

Saksbehandlar:

Lin Tove Thomassen
lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Dato:

24.11.2021

Melding om vedtak - Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Økonomiplan 2022-2025 og Budsjett 2022 for Vaksdal kommune vart behandla i Formannskap, plan- og økonomiutvalet 23.11.21, sak 92/2021.

Dei vedtok følgjande innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2022. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2022 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 4,0 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 4 terminar saman med kommunale avgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 87.400.000,- i 2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppta nye lån innafør ei total låneramme på kr 60.170.000,-, og i tillegg får Kommunedirektør fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2022. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2022. Kommunedirektøren har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Kommunedirektør får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingsattsar etter «Vedlegg – betalingsattsar 2022» vert godkjent. Nye betalingsattsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2022, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikellova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2022 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2022 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2022 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet kvart år.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2022 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
Politisk sekretariat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

ØKONOMIPLAN 2022-2025 OG BUDSJETT 2022 FOR VAKSDAL KOMMUNE - KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG (L)(250453)

Mottakarar:

Hege Eide Vik



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
92/2021	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.11.2021
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	21/1011

ØKONOMIPLAN 2022-2025 OG BUDSJETT 2022 FOR VAKSDAL KOMMUNE - KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG

Vedlegg:

Økonomiplan 2022-2025 og Budsjett 2022 Vaksdal Kommune - kommunedirektøren sitt forslag
Momentum Budsjettnotat - Vaksdal kommune 2022 (2021_10_05)
Gebyrregulativ for vass- og avløpsstenestene i Vaksdal kommune i 2022
PS 29-21 - Partsbrev - Budsjett for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2022
PS 29-21 - vedlegg til partsbrev - Budsjett for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2022
Vaksdal kyrkjelege fellesråd sitt budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025
Budsjettutkast 2022 Voss Legevakt
Vedlegg budsjett - AO senteret 2022
Budsjettsøknad Vaksdal Næringssselskap AS
Gebyrregulativ-plan-byggesak-kart-framlegg 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifisering av drifts- og investeringsbudsjett. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2022. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2022 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 4,0 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmenntytig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 4 terminar saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 87.400.000,- i 2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 60.170.000,-, og i tillegg får Kommunedirektør fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2022. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2022. Kommunedirektøren har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Kommunedirektør får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajournført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingsattsar etter «Vedlegg – betalingsattsar 2022» vert godkjent. Nye betalingsattsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2022, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2022 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2022 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2022 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet kvart år.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2022 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 92/2021

FPØ - Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Både posisjon og opposisjon vil leggja fram eigne forslag til budsjett 2022 når kommunestyret skal behandle saka i møte 14. desember 21.

Økonomisjef Kenneth Stokke svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendingar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2022. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2022 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 4,0 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 4 terminar saman med kommunale avgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 87.400.000,- i 2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppta nye lån innafør ei total låneramme på kr 60.170.000,-, og i tillegg får Kommunedirektør fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2022. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2022. Kommunedirektøren har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Kommunedirektør får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekte framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2022» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2022, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2022 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2022 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2022 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2022 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet kvart år.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2022 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka/Formelt grunnlag

Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert lagt fram i samsvar med Kommuneleova §14 og «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.»

Ved utarbeiding av Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 er det lagt til grunn:

- Statsbudsjettet for 2022 (rammer/føringar), frå Solberg regjeringa
- Andre politiske vedtak/føringar
- Rekneskap
- KOSTRA-tal
- Kommunebarometeret
- Andre saker

Budsjettet og økonomiplanen vart gjennomgått i budsjettseminar for formannskapetets plan og økonomiutval 8 og 9 november 2021.

Budsjettframlegget bygger på ei vurdering av inntekter og kostnader for kommunen ut frå framlegg til statsbudsjett for 2022, samt eigne inntekter frå eigedomsskatt, frå vasskraft og andre inntekter. Eventuelle vesentlege endringar når Statsbudsjettet er vedtatt vert å legge fram i samband med 1.tertial 2022.

Finansiering av investeringsbudsjett er synleggjort gjennom låneopptak, overføring frå drift og mvakompensasjon. Renter og avdrag knytt til eksisterande og nye låneopptak er tatt inn i driftsbudsjettet.

Budsjettskjema er sett opp i samsvar med forskrifta. Skjema som ligg ved i budsjettokumentet er i samsvar med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.».

Betalingssatsar og gebyrregulativ er lagt ved dokumentet.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett er innarbeidd i Årsbudsjett 2022 og er lagt ved saka.

Kyrkjeleg Fellesråd sin søknad om løyving for 2022 ligg ved. Tilskot i 2022 er vidareført på same nivå som tidlegare og Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sitt ynskje er ikkje i samsvar med det som ligg i forslag til vedtak.

